



Bømlo kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt
4. mars til 10. mars



Måndag 4. - kl. 16.00-18.00 - Bok og strikk

I Bømlo folkebibliotek, Hillestveit filial.

Samtale med Lillian Thorsen om kufte "Brytningstid" frå kl. 16.00-17.00

Ta med strikk eller anna handarbeid. Kaffi og formidling av bøker.

Arrangementet er gratis.



Tysdag 5. - kl. 13.00-14.00 - "Brytningstid" ei kufte blir til i Moster Amfi

Samtale med Lillian Thorsen om kufte «Brytningstid», i eit mønster som viser overgangen frå norrøn til kristen tid på Bømlo og Moster. Både for dei strikke-, historie- og kunstinteresserte. Arrangementet er gratis.



Onsdag 6. - kl. 18.00 - Førsnakk om G. Faures requiem

Jostein Molde fortel om Gabriel Fauré og om Requiem som skal framførast i Bremnes kyrkje søndag. Musikalsk smakebit frå konserten med kantor og dirigent Øystein Lund Olafsen på piano.

Arrangementet er gratis.



Torsdag 7. - kl. 09.00 - Møte i Eldrerådet

Eldrerådet held politisk møte i Formannskapssalen i rådhuset. Møtet er ope for publikum.



Søndag 10. - kl. 19.00 - G. Faure requiem - Bremnes kyrkje

Bremnes kantori med stort orkester og solistane Arne Kvarven og Anita Myhre Gravdal framfører requiemet av Gabriel Fauré.

Billettar kr. 350

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i samarbeid med



Nytt og nyttig

Jubileumsveka - Moster 2024

Året 2024 markerar 1000 år sidan Olav den Heilage kom til Bømlo og sette kristenretten. Dette er eit stort og viktig jubileum, ikkje berre for kommunen vår men for landet i si heilheit. No er det endeleg jubileumsår og vi gler oss veldig til feiringa. Denne feiringa kan du òg vera med på!



Under jubileet har vi i Moster 2024 behov for hjelp i alle slags former. Her trengs det hjelp både til servering av mat, steiking av vaflar, kaffikoking, vakthald og til å hjelpa publikum. Dersom du er glad i å vera rundt folk og aller helst likar å vera der det skjer når det skjer - då er dette arrangementet for deg!

Som frivillig i Moster 2024 får du ei unik moglegheit til å vera med å skapa ramma rundt dette store jubileet og bidra til at publikum, artistar og gjester får ei uforgløyemeleg veke her på Moster. Hos oss er alder inga hindring. Vi vil gjere så godt vi kan for at alle som ynskjer å vera med skal få givande, artige og spanande oppgåver under jubileet.

Så anten du ynskjer å vera til stades som publikum og få med deg eit eller fleire av dei spanande arrangementa våre, eller du vil vera med som frivillig, her finst noko for alle! Vi gler oss til jubileumsveka saman med dykk på Moster!

Jubileumsveka på Moster 29. mai til 2. juni 2024.

For meir informasjon om arrangement og frivilligheit finn du heimesidene våre:

<https://moster2024.no>

Billetter finn du på Ticketmaster:

<https://www.ticketmaster.no/artist/jubileumsveka-pa-moster-2024-billetter/1214123>

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post:

postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00

**Er det noko du saknar i dette
informasjonsarket?**

Ta kontakt på kommunetest@posten.no